

# TERMPOSTEN


Nr. 2  
desember 2016

SPRÅKRÅDETS NYHEITSBREV  
OM TERMINOLOGI

## INNHALD:

---

<a href="#"><u>Redaksjonens vindauge</u></a>	2
<a href="#"><u>Sidan sist</u></a>	2
<a href="#"><u>Nyheiter</u></a>	3
<a href="#"><u>Visste du at? Om Nordterms 40-årsjubileum</u></a>	3
<a href="#"><u>På kornet – portrettintervju med Maria Hammerstrøm</u></a>	4
<a href="#"><u>Aktuell term: <i>væpna konflikt</i> eller <i>borgarkrig</i>?</u></a>	4
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 1: Norsk ord for <i>crepuscular rays</i>?</u></a>	5
<a href="#"><u>Spørsmål og svar 2: <i>Onboarding</i> på norsk?</u></a>	5
<a href="#"><u>Smakebitar frå nordiske termbasar</u></a>	5
<a href="#"><u>Terminologgen</u></a>	6
<a href="#"><u>Nokre komande arrangement</u></a>	6



## Redaksjonens vindauge

Denne utgåva av Termposten er både ei juleutgåve og ei «nordterm-utgåve». I juni neste år er nemleg Noreg vertskap for Nordterm-dagane, ein nordisk konferanse om terminologi og fagspråk. Alle som vil, kan komme til Kongsberg og delta som innleggshaldar eller som tilhøyrar, eller begge delar. Vi ønskjer alle hjarteleg velkomne!

Det er ikkje berre Nordterm i dette nummeret. Du kan òg lese om eit nytt terminologiprojekt i astronomi og intervju med Maria Hammerstrøm som er opphavet til ideen. Språkrådet styrkar samarbeidet sitt med Standard Norge, og vi presenterer deira termbase SNORRE i spalta «Smakebitar frå nordiske termbasar», i tillegg til at vi skriv om den nye felles handlingsplanen til dei to verksemdene. Det har vore lyst ut midlar til terminologiprojekt, og to prosjekt får støtte. Det kan du lese meir om i nyheitsnotisane.



Og sidan dette også er julenummeret, ønskjer vi alle ei riktig god jul og eit godt nytt år!

## Sidan sist

### Betre pensjonsspråk

26. august i år var det stor lansering av Finans Norges nye språkstandard «Ut av språktåka» og den tilhøyrande ordlista deira. Språkrådet har vore med på arbeidet med å gjere språket om pensjon og livsfor-sikring betre og meir forståeleg. Ein stor del av arbeidet har gått ut på å lage ei liste med termar og definisjonar på området. Lista inneheld om lag 100 termar med definisjon eller forklaring, og arbeidet med lista held fram i tida som kjem.

Lanseringa og særleg ordlista fekk også merksemd i rikspressa, [med førstesida og eit dobbeltsidig oppslag i VG](#). Ikkje overraskande viste det seg at dei fleste strevar med å forstå ord som *hybridpensjon* og *levialderjustering*. No skal finansbransjen bli flinkare til å skrive betre og enklare om emnet, og [termlista ligg tilgjengeleg på nett](#) til hjelp.

### Terminologikurs i Trondheim

Det årlege dagskurset til Språkrådet i grunnleggjande terminologiarbeid vart i år arrangert i Trondheim. 7. november fekk 23 kursdeltakarar ei innføring i omgrepssystem, definisjons-skriving og termarbeid, i tillegg til at fleire av dei største termbassene i Noreg vart presenterte for dei.

Neste år vil kurset bli arrangert 12. juni i Kongsberg i samband med Nordterm-dagane.

### EAFTs VIII terminologi-toppmøte

Den europeiske terminologiforeininga (EAFT) arrangerte det åttande terminologitoppmøtet sitt i Luxembourg by måndag 14.–tysdag 15. november i år. Arrangementet var òg eit 20-årsjubileum for foreininga, som vart skipa i Kolding i Danmark i 1996. Derfor hadde toppmøtet tittelen «Visions and revisions».



Denne gongen vart møtet arrangert i samarbeid med den terminologikoordinerande eininga til Europaparlamentet, «TermCoord». Eininga held til i Luxembourg saman med omsetjingstenesta til parlamentet.

Den faglege delen av programmet vart avvikla i den opphavlege plenumsalen til parlamentet, i den såkalla Hemicycle. Programmet hadde i alt ti avdelingar, og åtte var kvar for seg vigde til eit tema frå eit tidlegare toppmøte. Desse avdelingane skulle gi både eit tilbakeblikk og eit blikk inn i framtida.

Dei to internasjonale terminologiprisane vart i tråd med tradisjonen delte ut under toppmøtet. [Les meir her.](#)

## Nyheiter

## Språkrådet + Standard Norge = mer norsk i standarder!

Standard Norge og Språkrådet ønsker å styrke norsk språk i standarder og har laget en felles handlingsplan for å klare dette. Planen innebærer blant annet økt satsing på å utarbeide norsk terminologi på de ulike fagområdene standardene omfatter. Det er dessuten et mål å oversette flere standarder til norsk. [Det ble også arrangert et frokostseminar om norsk i standardisering den 15. desember.](#)

## Matematikk og bibliotekfag

Språkrådet lyste ut midlar til toårige terminologiprojekt i UH-sektoren i haust. Av prosjekta som søkte støtte, var det to som no kan setje i gong. Eit fagmiljø i matematikk skal registrere og gjere terminologi i faget tilgjengeleg i [Språkrådets termwiki](#). Det skal òg eit fagmiljø i bibliotek- og informasjonsvitskap.

Tidlegare har eit prosjekt i terminologi i kjønnsforskning fått midlar i ei liknande ordning.

## Nordterm 2017 i Kongsberg

12.–15. juni 2017 går Nordterm 2017 av stabelen i Kongsberg.

Temaet er «**Hvem er brukerne av terminologiske ressurser – og hvordan når vi ut til dem?**», og du kan allerede nå sende inn sammendrag til foredrag.

12. juni arrangeres et grunnleggende kurs i terminologi og et arbeidsseminar (*workshop*) om termekstrahering.

Se [www.nordterm2017.no](http://www.nordterm2017.no) for mer informasjon.

## Astronomi

Eit terminologiprojekt i astronomi startar opp no i vinter. Fagkoordinator i prosjektet er Maria Hammerstrøm (sjå intervju neste side).

Ei referansegruppe med fagfolk frå UiO og HiOA skal bidra til at [Språkrådets termwiki](#) fyllast opp av astronomitermar på norsk og engelsk i løpet av dei neste par åra. Første pulje av termar vil ta for seg kosmologi.

## Parallellspråk i UH-sektoren

Prosjektet til Norges handelshøyskole (NHH) og Språkrådet om å styrke parallellspråkbruk i UH-sektoren har kartlagt bruken av norsk og engelsk ved NHH. Kartleggingen blir brukt til å lage en mønsterpraksis for hva man skal gjøre når spørsmålet om å velge norsk eller engelsk oppstår i forskjellige situasjoner på NHH. Den vil deretter bli brukt til å lage en generell mønsterpraksis for hele UH-sektoren.

## TNC

Den økonomiske situasjonen til svenske Terminologicentrum TNC har vore uvisst i dei siste åra.

Ifølgje det svenske statsbudsjettet skal Språkrådet i Sverige ved Institutet för språk och folkminnen få auka ansvar for terminologiarbeidet i landet. [I første omgang tyder det at TNCs statlege bidrag for neste år vil kome frå det svenske Språkrådet, skriv Språkrådet på nettsida si.](#)

## Visste du at? Om Nordterms 40-årsjubileum

I 2016 fyller Nordterm 40 år!

I 40 år har det altså vært et samarbeid mellom nordiske institusjoner som arbeider med terminologi. Det begynte med at *Handelshøjskolen i København* sendte et brev til *Tekniska nomenklaturcentralen (TNC)* i Sverige i 1974 med et ønske om å etablere en kontakt mellom de to institusjonene. Det resulterte i et seminar hos TNC i 1976 der *Rådet for teknisk terminologi* i Norge og *Tekniskan Sanastokeskus (TSK)* i Finland også ble invitert med. Etter noen år ble samarbeidet utvidet

med *Islensk málnefnd* i 1983 og *Nordisk samisk institutt* i 1991.

Det er også flere andre institusjoner som deltar i Nordterm-samarbeidet, og [Nordterm har egne nettsider](#) med en oversikt over arbeidsgrupper, medlemmer og publikasjoner.

Navnet *Nordterm* kan Björn Winberg og Anna Lena Bucher i TNC ta æren for. De foreslo *Nordterm* som navn på seminaret i 1976 – og resten er en 40-årig historie.



## På kornet – portrettintervju med Maria Hammerstrøm

Maria Hammerstrøm er astrofysiker, grafisk designer, blogger og vitenskapsformidler. Hun er koordinator for terminologiprojektet i astronomi.

### Hva er det beste med jobben din?

At jeg får jobbe med flere av mine største interesser og til og med kombinere dem en del. Jeg får være med på mange spennende prosjekter, og det dukker stadig opp nye muligheter på grunn av min litt uvanlige fagkombinasjon som jeg aldri kunne drømt om selv!

### Hvilken utdanning har du etter videregående skole?

Jeg har studert grafisk design ved Westerdals i tre år og holder nå på å fullføre en mastergrad i astrofysikk ved UiO.

### Hva var favorittfaget ditt på barneskolen?

Jeg husker at jeg var veldig glad i å tegne og skrive.



### Hvorfor er arbeid med terminologi viktig?

For å kunne diskutere og formidle vitenskap, teknologi og forskning tydelig på godt norsk til et bredt publikum i en stadig mer anglisert og høytteknologisk hverdag.

### Om du kunne velge et annet yrke, hvilket og hvorfor?

Jeg har allerede en fot innenfor flere yrkesgrupper, så jeg kunne ikke ønske meg stort mer! Bortsett fra å skrive en bok en dag. Det har jeg alltid hatt lyst til å gjøre.

### Hva leser du helst på fritida?

Kortprosa og populærvitenskapelige bøker.

### Hva er din favoritterm?

*Supermassivt sort hull.* Fordi det er et utrolig spennende og mystisk objekt, og fordi termen illustrerer så godt hvor enkelt astronomer tenker når de navngir ting. De bruker sjelden kompliserte ord, men gir objekter navn etter hva de ser ut som eller oppfører seg som, slik at det er lett å huske og se for seg.

## Aktuell term: *væpna konflikt eller borgarkrig*

Søndag 10. desember vart den colombianske presidenten Juan Manuel Santos tildelt Nobels fredspris. I talen sin nytta han konsekvent nemninga *væpna konflikt* når han snakka om krigføringa i Colombia, medan komitéleiaren nytta *borgarkrig*. Kva er skilnaden?

Internasjonal humanitærrett, som gjev rettsreglar under krig og væpna konflikt, har etablert eit omgrepssystem for ulike typar væpna konfliktar.

Væpna konflikt har to underomgrep: internasjonal væpna konflikt og ikkje-internasjonal væpna konflikt, [ifølgje Store norske leksikon](#).

Internasjonal væpna konflikt er ein væpna konflikt mellom to eller fleire statar (og er regulert av Genèvekonvensjonen).

Tilfellet Colombia gjeld den andre kategorien: [ikkje-internasjonal væpna konflikt](#). Denne kate-

gorien kan delast inn i fleire underkategoriar, og dei har ulik rettsleg regulering i internasjonal humanitærrett.

Den viktigaste kategorien er det som til vanleg vert kalla for *borgarkrig*. Her er det snakk om ein konflikt mellom dei væpna styrkane til ein stat og dei væpna styrkane til ikkje-statlege grupper. Det er krav til utstrekninga av området som er råka, intensitet, varigskapen, våpentypar osb. for at relevant humanitærrett skal gjelde. Det er likevel vanskeleg å trekkje opp klare grenser til andre typar ikkje-internasjonale væpna konfliktar, samstundes som omgrepsavklaringa kan ha rettslege konsekvensar.

Det er nok slike omsyn som gjer at den colombianske staten konsekvent nyttar *væpna konflikt* i ordbruken sin. Nobelkomiteen har på si side gjort eit kategorival ved å nytte nemninga *borgarkrig*.

Spørsmål og svar 1: Norsk ord for *crepuscular rays*?

Er det noen i Språkrådet som kan hjelpe meg med det korrekte norske ordet av *crepuscular rays* (engelsk) eller *skuggstrålar* (svensk). Dette er et optisk fenomen som dannes ved at solstrålene brytes når de passerer undersiden av skyene.



Foto: Flickr: herbraab

Det ser ikke ut til at det er etablert noen norsk betegnelse på dette fenomenet, og hos Meteorologisk institutt ser jeg at de bruker den danske betegnelsen, *tussmørkestråler*, [i et svar de ga for noen år siden](#). En norsk variant av den svenske betegnelsen, *skyggestråler*, gir også noen treff på nett.

Det engelske *crepuscule* betyr nettopp 'tussmørke, skumring', og det tilhørende adjektivet *crepuscular* brukes om ting som har med skumring eller tussmørke å gjøre. *Skumringstråler* kunne derfor også vært et alternativ, men det kan se ut til at *tussmørkestråler* er det norske ordet som benyttes mest, gjerne sammen med den engelske betegnelsen.

Spørsmål og svar 2: *Onboarding* på norsk?

Verksemnda vår har eit eige program for nytilsette. Ofte vert slikt kalla for *onboarding*. Kva er eit godt norsk ord for det?

Eit slikt opplegg kan gjerne kallast *innføringsprogram for nytilsette* eller rett og slett *innføringsprogram*. Det kan også inngå i eit breiare velkomst- eller mottaksomgrep.

*Økonomisk engelsk-norsk ordbok* (Kunnskapsforlaget) har det litt tyngre *introduksjonsprogram for onboarding*.

Ein kan også tenkje seg å kalle eit slikt program «Om bord i...» + verksemdnamnet eller «Om bord hos oss».

Alternativet *ombordprogram* høyrer ikkje bra ut. Det er jo *gå* eller *stige om bord* som tilsvarar det engelske *onboarding*. *Ombordstigningsprogram* vil ha ei for konkret tyding på norsk. Ikkje alt er ei reise, i alle fall ikkje på jobben.

## Smakebitar frå nordiske termbasar: SNORRE

Hva er egentlig definisjonen av [vindu](#)? Hva er forskjellen mellom [veranda](#) og [balkong](#)? Hva er den norske termen for [facilities management](#) og [dry ashing](#)? [I termbasen SNORRE finner du svar.](#)

I SNORRE kan du finne over 52 000 termposter med termer på bokmål, nynorsk og engelsk,

og i noen tilfeller på tysk og fransk også. De aller fleste av postene har også definisjon av begrepet.

SNORRE drives av Standard Norge og inneholder terminologi fra en rekke oversatte standarder, særlig innen bygg, anlegg og eiendom, men også IKT, petroleum, bedriftsledelse,

næringsmiddelteknologi og mye mer.

Termbasen har også blitt fylt opp med mange miljøtermer.

Standard Norge er den eneste standardiseringsorganisasjonen i Norden som har gjort slik terminologi fritt tilgjengelig for alle. Dette skjedde etter støtte fra Kulturdepartementet i 2011.

## TERMINOLOGGEN

Du finn ein oppdatert kalender over komande terminologirelaterte arrangement på nettsidene våre: [www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/](http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/kalender/)

### Nokre komande arrangement

**12.–15. juni 2017** er det tid for [Nordterm-konferansen på Kongsberg i Noreg](#). 12. juni er det kurs og arbeidsseminar, og 13.–15. juni er det konferanse. Sjå også nyheitsnotis på side 3. Frist for å sende inn samandrag (*abstracts*) er 15. februar.

**28.–30. juni 2017** fortsetter terminologiarrangementene i Norge med [21st Symposium on Language for Specific Purposes](#) ved Norges handelshøyskole i Bergen. Tema for konferansen er «**Interdisciplinary knowledge-making: challenges for LSP research**». Frist for å sende inn sammendrag (*abstracts*) er 31. desember. Det arrangeres også flere ulike arbeidsseminarer (*workshops*) som du kan lese mer om på nettsidene deres.

**10.–14. juli 2017** vert den årlege sommarskolen i terminologi ([International Terminology Summer School – TSS](#)) arrangert i Köln i Tyskland. Om du registrerer deg allereie i år, får du 10 % avslag i prisen.

#### TERMINOLOGIARBEID I SPRÅKRÅDET

*Postadresse:*  
Postboks 8107 Dep  
NO-0032 OSLO

*Besøksadresse:*  
Observatoriegata 1 B  
NO-0254 OSLO

Telefon: 22 54 19 50  
Telefaks: 22 54 19 51  
E-post: [term@sprakradet.no](mailto:term@sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

**Språkrådet**

RIKTIGE TERMAR  
GIR GODT FAGSPRÅK

Språkrådet har eit overordna, nasjonalt ansvar for å samordne utviklinga og tilgjengeleggjeringa av norsk terminologi. Arbeidet med terminologi er plassert i seksjon for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. Tre rådgjevarar arbeider på området, og dei samarbeider tett med Språkrådets fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning. På området skal Språkrådet

- ta initiativ til, leggje til rette for og samordne aktivitet
- vere ein aktiv pådrivar for forskings- og utviklingsarbeid
- søkje å koordinere praktisk terminologiarbeid i næringslivet
- assistere fagmiljø og hjelpe til med å byggje opp termbasar
- byggje alliansar som kan føre til auka interesse og ansvar for norsk terminologi og fagspråk
- gi råd til offentleg forvaltning, næringsliv og publikum

[www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/](http://www.sprakradet.no/Sprakarbeid/Terminologi/)

Språkrådet gir ut ei rekkje publikasjonar, blant anna *Termlosen*, ei innføring i terminologiarbeid. [Du kan lese meir om \*Termlosen\* her.](#)